



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9426 - 21/84009

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
12.12.2021

Uttale frå landbruksavdelinga - arealoverføring gbnr 463/3 Marås

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremaal LNF-spreidd bustad område i kommunedelplan for Radøy.

Formålet med søknaden er makebyte av omlag 850m² mellom gbnr 463/3 og 9. Storleiken på arealet er rekna ut etter motteke situasjonsplan. Arealet på gbnr 463/9 er oppgjeve til 2076.6 m² i matrikkelen. Arealet som vert søkt overført frå bnr.3 er teke i bruk av bustadeigedomene, gbnr 463/9, til mellom anna hage og garasje. Det er same eigar på begge eigedomane

Delar av arealet som er søkt overført frå gbnr 463/3 er i gardskart registrert som fulldyrka, men det går ganske tydeleg fram av flyfoto at arealet er opparbeid plen. Dette er små areal som har liten praktisk betydning for drift av gbnr 463/3. både plassering, storleik og arrondering gjer at det har liten verdi som jordbruksareal.



Figur 1 Raud strekt markerer det landbruk oppfattar som plen

Det vil krevja deling og omdisponeringsløyve etter jordlova. Det er påreknleg at det vil verta gitt løyve etter jordlova, dersom dispensasjon vert innvilga. Me ber om å få saka attende for jordlovshandsaming dersom det vert gitt dispensasjon.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG